




INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

**Fjellandbruk er framtid
November 2016**



**Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ**

**Tlf. 61 29 36 00
Fax 61 29 36 01**

BYGDEMØTE


«Fjellandbruk er framtid» inviterte til fire bygdemøter i oktober. Totalt deltok 120 personar på desse arrangementa. Det var triveleg og engasjert stemning på møta, og det kom mange nyttige innspel til vidare arbeid.

Vi vil rette ein spesiell takk til gardbrukarane som stilte opp og ga oss flotte foredrag og god informasjon om deira verksemd og vegval!

Ikkje uventa var det mange som var opptekne av utnytting og bruk av inn- og utmark og problemstillingar knytt til det. Tema knytt til agronomi, grovfôravling og kvalitet, økonomi og generasjonsskifte var også tema som vart løfta fram.

Prosjektet vil fokusere på desse fagområda, og i denne «Info`n» vil vi presentere planlagde aktiviteter. Vi voner på god oppslutning og ser fram til trivelege møter og fagturar med godt fagleg innhald!

Målet med satsinga er å bidra til å bevare sysselsettinga i landbruket og å auke matproduksjonen!



SPØRJEUNDERSØKING

I forkant av bygdemøta sendte vi ut ei spørjeundersøking til gardbrukarar i Sel og Vågå. Vi fikk inn 44 svar, ein svarprosent på 12 %.

Det er vanskeleg å få inn svar på spørjeundersøkingar. Eit anna spørsmål er om dei som har svara er representative. Storparten av dei som svara, har planar om å utvide drifta si, både med omsyn til nydyrkning, jordleige, nye investeringar og kjøp/leige av mjølkekvote.

Dei fleste som svara, ynskjer seg faglegrådgjeving:


Økonomiskrådgjeving: 18 stk

Bygningsteknikk: 15 stk

Beitebruk: 15 stk

Sau: 15stk

Ammeku : 14stk



FAGMØTE «OPPSTART AMMEKU»,

8. november blei det gjennomført fagmøte med grunnleggande kunnskap om ammeku som tema. Interessante innspel fra deltakerane - og god kunnskapsformidling frå Geir Olav Hagen i Nortura og Hans Ulmo, etablert ammekuprodusent.

Det vil bli ein **fagtur på nyåret** retta mot ammekuprodusentar. Vi har intensjon om vidare oppfølging mot meir spesialiserte tema innanfor ammekuproduksjonen.



Ammekyr ved Peer Gynt hytta

**MØTE 29. NOVEMBER KL. 19-22 I SJÅRDALEN
SAMFUNNSHUS**

**SPØRSMÅL KNYTT TIL BEITERETT OG
GJERDEPROBLEMATIKK**

**Juss og døme knytt til gjerderett og gjerdeplikt og beiteretten
v/Anders Bjørnson, Norges Bondelag**

**Gjerdehald – viktig premiss for å nytte inn- og utmarksbeite,
v/Erling Skurdal, Nortura**

- Problemområde og døme på løysingar med gjerde/gjerdehald i høve til:
 - Installasjonar, veg, bustad- og hyttefelt
 - Ulike dyreslag
 - Utøving av «privat» beiterett på fellesbeitearal?
 - Passive gardbrukarar og gjerdeplikt?
- **Tilskottsmogleheter til beitebruk og gjerdning**
V/Landbrukskontoret.



MØTE OM AGRONOMI OG GROVFORDYRKING

**Møte i Heidal 5. desember kl. 19-22 på Heidal Hotel
og eit på Lalm (januar), same tema.**

Større avlingar, betre utnytting av den eksisterande dyrkajorda. Det vil bli fokus på avling og grovfôrkvalitet/grovfôranalyser.
V/Norsk landbruksrådgiving.

ØKONOMIMØTE I JANUAR – TEMA:

- Grovfôrøkonomi
- Jordleige vs. nydyrkning
- Leige eller eige maskinar (tenester)
- Generasjonsskifteplanlegging



Sau på beite, Veslesetrene - Køyringen



STØTTE TIL RÅDGJEVING

Ein bok i satsinga er støtte til gardbrukarar som får fagleg rådgjeving.

I satsinga er det lagt opp til at det skal løvvast støtte direkte til gardbrukarar som treng/får rådgjeving i tråd med målsettinga for satsinga; auka matproduksjon, nye produkt, marknadar osb. Det er avsett kr. 150 000,- til rådgjeving.

- Det kan gjevast støtte til rådgjeving frå den tradisjonelle rådgjevingstenesta som bl.a. TINE, Nortura og NLR.
- Rådgjeving i samband med oppstart av ein produksjon
- Forprosjekt omlegging frå ein produksjon til ein annan
- Utarbeiding av Ørt/driftsplan i samband med endring/utviding av produksjon
- Utarbeiding av bygningsteikningar i samband endringar/utviding av produksjon

Døme: Mjølkeproduksjon til ammeku
Mjølk til sau
Oppstart/omlegging/utviding av tilleggsnærings

I prosjektsøknaden er følgjande nemnt ift. rådgjeving:

- Nortura (kjøtproduksjon, bygg, fôring, stell m.m.)
- TINE (mjølk-/kjøtproduksjon, fôring, bygg, økonomi)
- Norsk Landbruksrådgiving (bygg, agronomi, mekanisering, bær/grønsaker)
- Kompetansemiljø innafor regnskapsrådgjeving og landbruksrelatert juss i samband med planlegging av overdraging/generasjonsskifte/investering m.m.
- Fossekall (bedriftsrådgjeving)
- Innovasjon Norge (etableraropplæring)
- Gudbrandsdalsmat

Det kan gjevast støtte til rådgjevingstiltak som er gjennomført etter 15.6.2016 og inngåtte rådgjevingsavtalar t.o.m. 1.2.2017.

Det kan gjevast støtte til dokumenterte kostnadar, 50 % av kostnadane, inntil kr. 5 000,- .

Det skal vere ein låg terskel for å søkje. Det er utarbeidd søknadsskjema som de kan få på Landbrukskontoret. Søknad sendast til Landbrukskontoret for Sel og Vågå, Edvard Stormsv. 2, 2680 Vågå, e-post postmottak@vaga.kommune.no.

Utbetaling skjer mot dokumentasjon på kostnadar.

Dersom det blir for lite midlar vil det måtte gjerast ei prioritering av søknadene.





NOREG P.P. PORTO BETALT



Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Stormsveg 2
2680 VÅGÅ

Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 61 29 36 71/920 41 410,
e-post: per-ivar.weydahl@vaga.kommune.no

Kjersti Reksen, tlf. 61 29 36 77/909 40 529,
e-post: kjersti.reksen@vaga.kommune.no

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 61 29 36 73/957 96 218,
e-post: bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no

Kjell Hølmo, tlf. 61 29 36 79/970 11743,
e-post: kjell.holmo@vaga.kommune.no

Anna Bilstad, tlf. 61 29 36 78/917 26 739
e-post: anna.bilstad@vaga.kommune.no

Per Ekre, tlf. 61 29 36 74/958 26 661,
e-post: per.ekre@vaga.kommune.no

Iris Dalseg, tlf. 61 29 36 49,
e-post: iris.dalseg@vaga.kommune.no

Ola Løkken (Mjøsen), tlf. 61 29 36 75/97 19 40 15, e-post: ol@mjosen.no

Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:
Ola Lusæter og Ivar Ulsand